



Kyrkjebladet

for
BYGLAND

Nr. 2

Sommar 2015

72. årgang



Bispevisitas i Bygland - synfaring i Sandnes kyrkje. Frå venstre: Prost Gunnar Ellingsen, Knut Gakkestad, prostidiakon Anna Heggland, Erling Jakobsen og biskop Stein Reinertsen. Foto: Olav Nilsen

**Dette kan du
lese om i
Kyrkjebladet:**

| | |
|--|---------|
| Andakt/17.mai-tale: | s 2-3 |
| Bispevisitas i Bygland:..... | s 4-7 |
| Kyrkjevalet 2015 | s 8-9 |
| Bygland Bibel- og Naturcamp..... | s 10-11 |
| På pilegrimsvandring med Harry Andersen | s 12-13 |
| Gudstenesterekke, Ætt skal fylgja, Jubileumsgåve Sandnes kapell..... | s 14-15 |

Tale i Årdal kyrkje 17. mai 2015

Tekst: Aasulu Lande

Det finst ikkje meir høveleg feiring av grunnlovsverket i 1814 enn ei gudsteneste! Det heng saman med at Eidsvollsverket, frå 10 april til 17 mai, var innramma av den kristne påskehøgtida.

Då prinsregenten i Noreg, Christian Fredrik, kalla inn ei grunnlovsgivande forsamling på Eidsvoll, var kyrkja og kristendommen heilt grunnleggande. Eidsvollsarbeidet byrja med innkalling til valmøte i soknene. Dette møtet var lagt til sentrale kyrkjer på ein bededag, ein dag då folket skulle vende seg til Gud i syndsvedkjenning og bøn. Kvar sokn skulle på denne dagen velje representantar til eit valting.

Valtinga vart haldne separat for kvar av valkrins. Vår valkrins var Råbyggelag, som spende frå Åseral til Åmli og frå Bykle til Iveland, Herefoss og Vegusdal. Valmennene frå Råbyggelag amt møttest på Lauvdal den 23 mars 1814. Her vart tre menn – kvinner var ikkje då med i valprosessen – her vart tre menn valde til grunnlovsforsamlinga. Dei var sanneleg ikkje særleg tidleg ute med valet. Allereide 10 april skulle dei valde tingmennene vere tilstades på opningsmøtet på Eidsvoll. Opningsdagen var vald med omhug. Det var påskedag, dagen då Jesu oppstode blei høgtida. Grunnlovsarbeidet byrja



med gudsteneste i Eidsvoll kyrkje og det vart halde gudstener der kvar sundag, då tingmennene, så langt dei kunne, var tilstades. Prinsregent Christian Fredrik deltok flittig ved gudstenerne som strekte seg parallelt med forhandlingane. Grunnlovsarbeidet gjekk såleis hand i hand med den kyrkjelege festen for Jesu oppstode, festen for frelsaren som braut dødens lekkjer. Det var såleis ikkje bare eit tilfelle at grunnlova vart vedteken og kongevalet halde på 17 mai. Dagen kom på slutten av den kristne påskefesten. To dagar seinare, 19 mai, kunne forsamlinga på Eidsvoll fullende arbeidet og bryte opp. Den 19 mai 1814 var Kristi himmelfartsdag. Grunnlovsarbeidet på Eidsvoll var såleis samordna

med eit kyrkjeleg bakteppe. Det lovgivande arbeidet fall innafør dei førti dagane då den oppstadne Jesus synte seg med von og framtidsperspektiv for dei truande. På Kristi himmelferdssdag var frelsesverket fullført. Til den dagen gjorde grunnlovsfedrene ferdig arbeidet og tok farvel med Eidsvoll og med kvarandre.

Med andre ord: Eidsvollsverket var ein norsk, politisk påskefest. Med ein avglans av Jesu frelseverk gjorde Eidsvollsmennene ferdig sitt politiske arbeid for fridom og nasjonalt sjølvstende. 17 mai 1814 kan ein derfor sjå som eit klimaks i kristen påskefeiring.

Etter bibelteksten for i dag (Matteus 22, 15-22), blei Jesus spurt av ein deputasjon om det var rett å betale skatt til keisaren. Deputasjonen omfatta herodianarar og fariseiske læreresveinar. Herodianarane var embetsmenn for den romerske statthaldaren og dei fariseiske læresveinane var under teologisk opplæring, studentar, ville me sagt i dag. Farisearane la vekt på Jahvehs vilje for Israel, og gjekk inn for eit landsstyre der Jahveh fekk den politiske makta – sjølv sagt også over skattlegging. Dei drøymde om ein politisk frelsar for Israel. Kvar stod Jesus då i forhold til jødisk fridomslenge? Herodianarane støtta keisaren; om

Jesus sa nei til keisarens skatterett, ville han vere ille ute.

Jesus rådde til, som me høyrde, å gi både keisaren og Gud det som rettmessig tilkom dei: "Gi keisaren det som keisaren kan krevje og Gud det som Gud kan krevje!"

Kva vil dette seie for oss i dag. Kva tilkjem "keisaren" i dagens Noreg? Kva er det "å betale skatt til keisaren" i dagens demokratiske, norske samfunn? Å betale skatt er knapt noko diskusjonsemne hos oss. Me betaler skatt i dag som tidlegare generasjonar har gjort, me betaler moms, gebyr og personleg skatt. Men for oss går keisarens krav i dag lenger enn sjølvmelding og ulike variantar betaling til staten. Eit demokratisk samfunn ventar meir. Først og fremst krev samfunnet idag at me skal ta del. Me skal vere engasjerte i å halde samfunnet i gang. Me må satse på å bidra. Me har miljøansvar, me har politiske partival å gjere, me er på ulike måtar kalla til å forme det miljø me lever i. I denne situasjonen hentar me inspirasjon frå Jesus til engasjement for landet vårt. Det kan innebere kamp mot statleg makt, slik me såg det under krigen. Folket vart då kalla til å kjempe mot eit nazistisk styre i landet. Det var ingen lett kamp – mange let livet i den kampen. Kampen held i dag fram som ein vedvarande strid for fridom, sjølvstende og menneskeverd, nasjonalt og internasjonalt.

"Gi keisaren det som keisaren kan krevje!" vil i dag måtte lyde: Engasjer deg for det samfunn du lever i! 17 mai er derfor ein

dag då me hentar inspirasjon til innsats i samfunnet. Slik vil eg tru Jesus talar til oss i dag.

17 mai skal også minne oss om å "gi Gud det som Gud kan krevje". Det er eit spennande oppdrag – med mange sider. Me har høyrte og lært at Gud er kjærleikens og nådens Gud. Jesus-soga er ei søge om kjærleik. Påska fortel at Gud elsker mennesket – deg og meg – vilkårsløst og utan unntak. Eg såg ein artig replikk nyleg frå ein predikant. Det handla om at Jesus gjekk på vatnet – kunne nå det vere mogeleg? Men han sa: Eg vil ikkje ha ein frelsar som ikkje kan gå på vatnet! Litt omskrive: Gud er ein Gud som går på vatnet for oss. I si tid! Gud har ein usliteleg og uopphøyrleg morskjærleik til oss. Korleis svare på dette? Å gi Gud det som Guds er må bli å akseptere oss sjølv slik Gud aksepterer oss. Me er godkjende av Gud som me er – med dei lyte og med den karakter me har. Me er verken for unge eller for gamle, verken for skrøpelege eller for

uviskelege. Gud godtar oss og elsker oss. Eg opplever det rett og slett overraskande, men sjølvtilitt er faktisk å "gi Gud det Gud kan krevje". Med Gud smilande bakom oss, går me med sjølvtilitt inn i samfunnslivet. Me er skapte i Guds bilde.

Me er aksepterte av Gud. Me kan med tyngde seie til oss sjølv: Eg er god nok i massevis. Sjølvtilitt er første og viktigaste steget når me gir Gud det som Guds er.

La meg samanfatte: 17 mai er for det første ei heilt særleg feiring av påske. Den er påska omforma til politisk ansvar. For det andre leier 17 mai oss til engasjement for samfunnet. Dette er i dag "å gi keisaren det keisaren kan krevje". 17 mai leier oss for det tredje til "å gi Gud det som Gud kan krevje"-sjølvtilitt!

Ære vere Faderen og Sonen og den Heilage Ande som var, er, og blir ein sann Gud frå æve og til æve. Amen

17. mai-toget på veg opp til Landeskogen

Foto: Trond Risdal



Visitaforedrag ved visitasen i Bygland og Årdal sokn 27., 28. og 31. mai 2015

Tekst: Stein Reinertsen, biskop. Foto: Olav Nilsen



Biskopen helsar ei lydhør forsamling på Fredheim bedehus.

Kjære kyrkjelydar i Bygland og Årdal.

Nåde være med dykk og fred frå Gud vår Far og Herren Jesus Kristus.

Først må eg få takke for flotte dagar hos dykk. Visitasdagane i Bygland og Årdal sokn har gjeve meg eit innblikk i ein vakker og veldriven kommune, og i det gode og trufaste arbeidet i kyrkjelydane.

Ein visitas gir meg som biskop høve til å få ein djupare kjennskap til kyrkjelydar og lokale byar og bygder. Saman med tilsette, rådsmedlemmer og frivillige medarbeidarar har eg i desse dagane sett situasjonen i desse to sokna. Vi har møtt mykje av arbeidet i kyrkjelydane.

Takk for at de har delt med meg dykkar erfaringar, utfordringar og mogeligheter. Gode, inspirerende og interessante ting har eg sett, og varme menneske har eg trefft.

Eg håpar og ber om at denne visitasen også vil kunne inspirere dykk alle til vidare innsats i Guds rike.

Førebuing

Førre visitas i Bygland og Årdal var ved biskop Olav Skjevesland i 2003. Ein visitas er meir enn at biskopen vitjar kyrkje-lydane ei lita veke. Før biskopen kjem, skriv soknepresten og kyrkjuverja ei visitasmelding. Det er ei skildring og ei vurdering av det som har skjedd sidan siste visitas, og av situasjonen i dag. Eg oppmodar dykk til å lese meldinga som er eit offentleg dokument.

Ei visitasmelding er eit viktig og interessant dokument for kyrkjelyden.

Rådgjevarane Geir Myre og Dag Kvarstein ved bispekontoret, har saman med kyrkjuverja og prostten hatt synfaring i dei fire flotte kyrkjene og kapellet og på dei 6 kyrkjegardane. Det føreligg ein god rapport frå synfaringa.

Prost Gunnar Ellingsen har hatt kontorvisitas og har kome med sine kommentarar i rapporten til biskopen. Det er dessutan prostten som er prosjektleiar for visitasen. Frå bispekontoret har kyrkjefagsjef Arve Nilsen vore med under førebuingane, og han vil og støtta prostten i arbeidet etter visitasen.

Utanom biskopen og prostten har kyrkjuverje Olav Nilsen, diakonirådgjevar Erling Jakobsen og prostdiakon Anna Heggland saman med to sjukepleiarstudentar som har diakonipraksis, delteke på visitasen.

VISITASPROGRAM OG GJENNOMFØRING

Over til gjennomføringa og programmet på visitasen.

Onsdag 27. mai starta vi med besøk på KVS Bygland. Rektor Tor Inge Askeland gav oss informasjon om skulen, og vi fekk omvising der. Steffen Røykenes som er avdelingsleiar på byggfag, ga oss informasjon om blant anna deira prosjekt med laftebygging. Vi fekk høve til å ete lunsj saman med lærarar og elevar.

Vi besøkte Friviljugsentralen på Byglandsheimen. Der tok leiar Lisbeth Fossdal og aktivitetleiar Margit Smedal imot oss. Vi fekk innblikk i dei flotte tilboda og aktivitetane som dei har i friviljugsentralen i kommunen. Eg fikk høve til å gje ei helsing til brukarane av dagsenteret.

Besøket ved Bygland barnehage var flott. Oppvekstleiar Sigrud Greibrokk møtte oss og barna song for oss. Dei var delaktige i samtale, og eg fekk tala til dei om kva det er å vere biskop. Etter møtet med barna hadde vi ein spennande samtale med dei tilsette i barnehagen, der det frå deira hald vart kommentert at dei opplevde dei har hatt, og har eit særst godt samarbeid med kyrkja i Bygland.

Vi hadde vårt bedriftsbesøk på Setesdølen A/S som er eit fritt bygdeblad for Setesdalen. Her møtte me redaktør Sigurd Haugsgjerd, og han gav oss informasjon om avisa si historie og om korleis drifta vert organisert i dag. Her fekk eg også ei bokgåve frå redaktøren.

Etter ein god middag på Ose turistheim besøkte vi Sandnes kyrkje. Her informerte Knut Gakkestad om kyrkja si historie. Onsdagen vart avslutta med

familiemøte på Fredheim bedehus. Det var ei fin forsamling med eit barnekor som det stråla glede og inspirasjon frå. Her fekk eg halde ei andakt for små og store.

Torsdag morgon starta med samtale med lærarane på Bygland skule. Vi blei helsa velkommen av rektor Olav Attestog. Han talte om skulen og om samarbeidet som han seier har vore og er godt mellom kyrkja og skulen. Eg fekk mogelegheit til å innleie til ein samtale om samarbeidet mellom kyrkje og skule.

Etterpå møtte eg alle elevane i 1. til 9. klasse. Der hadde elevane førebudd mange og gode spørsmål. På mitt spørsmål tilbake til dei, om korleis vi kan vere ei god kyrkje i Bygland kommune, var to av forslaga godteri-skål, gjerne med lakris, og benkar som er gode å sitte i.

Elevane i 1. til 4. klasse framførte lokale stev, og Austad leikarring framførte gangardans frå Bygland. Dette var flott!

På formiddagen hadde vi eit interessant møte med Helga Arntzen som er leiar for Landeskogen Fredssenter. Flott å høyre kva dei arbeider med der, og planar dei har for framtida.

I eit møte med ordfører Leiv Rygg og rådmann Aasmund Lauvdal fekk me bekrefta at det er gode relasjonar og godt samarbeid mellom kyrkja og kommunen. Kyrkjuverje Olav Nilsen bekrefta også dette gode samarbeidet. Olav Nilsen kommenterte vidare at vedlikehaldet av

kyrkjene er utfordrande innanfor driftsbudsjettet. Det vil i kommande år komme større utvendige vedlikehaldsoppgåver. Ordførar informerte om at det kjem fleire nye flyktingar til bygda, allereie nå til sumaren 2015.

På ettermiddagen var det andakt på Byglandsheimen. Her vart me helsa velkommen av bebuarar og aktivitør Margit Smeland. Prost Gunnar Ellingsen leia samværet, og eg fekk halde andakt. Det var god allsong, og ved pianoet sat Britt Haugen.

I Årdal kyrkje var det ein minikonserter der me til fulle fekk oppleve det nye flotte orgelet i kyrkja. Ved orgelet sat Torgny Sandland, som spelte fleire salmar og songar for oss, og fleire av dei hadde lokal tilhøyring til Bygland og Setesdalen. På kvelden var det samling med baa sokneråda. Samlinga var på Revsnes hotell, og emnet var "Korleis vera kyrkje i Bygland" Her blei det samtala om mange emne, og dette vil kome fram i referatet som vert sendt til kyrkjelydane etter visitasen. Etter middag for tilsette og sokneråd var det tid for ein flott tur med Bjoren på fjorden. Ei nydeleg avslutning på dagen.

Nå vil eg kome med nokre oppsummeringar - utfordringar til dykk.

Dykkar gode sokneprest Eilev Bjarne Lønningen er langtidsjukemeld. Me vonar alle at han snart vert frisk, og at han kan kome tilbake i tenesta. Han er ein viktig person for Bygland. Når ein så sentral person er langtidsjukemeldt, er det ei utfordring for kyrkjelydane.

Dette har ført til meirbelastning for nokre tilsette og frivillige. Takk for innsatsen som de gjer i denne tida.

Arbeidet i kyrkjelydane handlar mykje om relasjonar.

Det er mykje godt relasjonsarbeid i baa kyrkjelydar. Fortsett å vidareutvikle relasjonane til organisasjonar og foreiningar, til kommune og lokalmiljø. Når alle arbeider saman, møter vi folkekyrkja på sitt beste.

Det er særst viktig at det gode formelle og uformelle samarbeidet med kommunen held fram. Gode relasjonar er avgjerande for ei livskraftig folkekyrkje.

Eg vil kome med 7 oppfordringar til kyrkjelydane om kva dykk bør arbeide vidare med.

Det blir sokneråd, stab og prost som får ansvar for å følgje opp. Utgangspunktet er godt, og oppfordringa blir å halde fram med å vidareutvikle det dykk allereie held på med.

1. Gudstenester.

Eg oppmodar tilsette og sokneråd til å vere frimodige i arbeidet med langtidsplanlegging av gudstenester, prøve ut nye og stadedne gudstenester, som kan atterspegla det mangfaldet som vi finn i denne flotte kommunen. Stikkorda her er stadeigengjering og involvering. Visitasen har vist at mogelighetene er mange.

2. Trusopplæring.

For at ikkje den kristne kunnskapen skal bli borte hos oss, må kyrkjelydane arbeide med trusopplæring til barn og unge.

Skal me lukkast i dette arbeidet, må heile kyrkjelyden, tilsette og frivillige, vere med i undervisning av, og omsorg for alle våre døypte. Her kan eit samarbeid med KVS Bygland vere aktuelt, i tillegg til ressursane som er på bedehusa.

Det er viktig at de i sokneråda lagar ein trusopplæringsplan innan kort tid.

3. Skule - kyrkje samarbeid

I møtet med skulen merka eg at det har vore, og er eit nært og godt samarbeid mellom kyrkja og skulen. Eg utfordrar skulens leiing, dei tilsette i kyrkjelyden og sokneråda til å utarbeide ein plan for skule/kyrkje-samarbeidet.

4. Diakoni

Eg vil understreke at det er viktig å vere ei diakonal kyrkje. Diakoni handlar om vårt truverde. Vi må heile tida ha eit auge for dei som av ulike grunnar fell utanfor. Eg er glad over det diakonale arbeidet de gjer, og arbeidet som diakoniutvalet i Bygland gjer.

Omsorg for kvarandre må bli eit kjennemerke i prioriteringane og arbeidet til sokneråda. Eg oppmodar dykk til å tenke diakonalt i alt de gjer i kyrkjelydane. Dette gjeld såvel tilsette som frivillige.

De har fått ny prostidiakon, Anna Heggland. Ta godt vare på Anna og slepp ho til.

5. Nye landsmenn - kjelde til vinning for kyrkelydane

De har eit stort asylmottak i kommunen, og i tillegg har kommunen valt å busetje fleire asylsøkarar i inneverande år.



Barnekoret på Byglandsfjord syng for biskopen på Fredheim bedehus.

Nye landsmenn er ei vinning både for kommunen og kyrkjelyden. Samstundes er det viktig at dei vert inkludert i fellesskapa våre. Eg vil difor utfordre dykk til å la dei få ein plass i gudstenesta, og at dei får venar blant dei aktive i kyrkjelydane.

6. Ungdomsarbeid

I samtale med sokneråda kom det fram ønskje om å satse på ungdomsarbeid. I samband med det vil eg peike på høvet til å ta kontakt med ungdomsråd-gjevar ved bispedømmekontoret, Kjetil Viland, samt å vurdere sterkare samarbeid i prostiet.

7. Vidareutvikling av stabs-samarbeidet i kyrkjelydane.

Staben er god, men liten. Inntrykket frå visitasen er at alle tilsette gjer ein god jobb og strekk seg langt. Utanom presten er det i fellesrådet til saman 1,1 årsverk delt på 15 stillingar. Det kan også vere ein utfordring. Eg vil be om at de vurderer samarbeid utover kommunegrensene, og korleis de på tross av avgrensa midlar kan nå lenger ut i denne delen av prostiet.

Til slutt

Eg dreg frå visitasen i Bygland

og Årdal sokn fylt med takk-semd.

Eg helsar dykk med Paulus ord til kyrkjelyden i Tessaloniki:

” Vi takkar alltid Gud for dykk alle når vi nemner dykk i bønene våre. For vår Gud og Fars andlet hugsar vi stadig korleis trua dykkar viser seg i gjerning, kjærleiken i arbeid og vona til vår Herre Jesus Kristus i tolmotod» (1.Tess.1.2-3)

Agder og Telemark bispestol
31. mai 2015

Kyrkjevalet 2015

Tekst: Olav Nilsen

På dei same dagane som det er kommuneval til hausten er det og Kyrkjeval i Bygland.

Det som skal veljast er nye sokneråd, både i Årdal og Bygland sokn.

I tillegg skal det veljast nye medlemmer til Bispedømerådet.

Det vert høve til førehandsstemming for val til sokneråd og bispedømmeråd i Servicetorget på Bygland kommunehus i perioden 10.08 - 11.09.2015 i kommunens opningstid.

Ta med valkort og godkjend legitimasjon.

Det vert frå og med 10.08.2015 lagt ut valmannsliste i Servicetorget på Bygland kommunehus til offentleg ettersyn. Eventuelle feil i valmannslista vert å melda til kyrkjeverja i Bygland.

Det vert val til sokneråd og bispedømmeråd i Bygland og Årdal sokn 13.09.2015 og 14.09.2015.

Vallokale og opningstider vert slik:

Byglandsfjord valkrins:
Sundag 13.09.2015 kl.15.00 - 18.00 i

Årdalshallen
Måndag 14.09.2015 kl. 12.00 - 18.00 i
Årdalshallen

Grendi valkrins:
Måndag 14.09.2015 kl.12.00 - 18.00 i
Grendi bedehus

Bygland valkrins:
Sundag 13.09.2015 kl.15.00 - 18.00
på Bygland kommunehus
Måndag 14.09.2015 kl.12.00 - 18.00
på Bygland kommunehus

Ose valkrins:
Måndag 14.09.2015 kl.12.00 - 18.00
på Ose Grendehus

Kandidatane til sokneråda og bispedømerådet fylgjer på neste side.

Oppstillinga på listene til Bispedømerådet framkjem slik dei føreligg frå Bispedømekontoret.

Ein skal merka seg at det føreligg 2 lister til Bispedømerådet. Desse vil bli godt merka i vallokala, slik at det er lett å sjå skilnaden på dei. Kandidatane som vert valde til Bispedømerådet er og medlemmer av Kyrkjemøtet.

Den eine lista er frå "Åpen folkekirke", den andre lista er den ordinære

nominasjonslista frå nominasjonskomiteen i Agder og Telemark bispedøme.

På denne linken får ein opp ein komplett oversikt over dei to listene, og kva dei ulike kandidatane meiner om ulike kyrkjelege spørsmål:

<http://www.bd.kirken.no/agder/nyhet.cfm?nyhetid=424923>

Den største skilnaden går på spørsmålet om likekjønna par bør få inngå ekteskap i kyrkja.

Her svarar alle på lista til "Åpen kyrkjegruppe" ja, medan 10 av 14 kandidatar på Nominasjonskomiteens liste svarar nei. Kandidat nr.4 på Nominasjonskomiteens liste svarar ja, medan kandidat nr.8, 10 og 14 ikkje har teke stilling til spørsmålet.

På vallistene, både til sokneråda og til bispedømerådet, kan du gje tilleggsrøyst på inntil tre kandidatar. Det gjer du vet å setje eit kryss til venstre for namnet til kandidaten.

Oppslutnaden i Bygland om Kyrkjevalet i 2011 var svært god, og ein vonar på minst like god deltaking ved Kyrkjevalet i 2015.

SOKNERÅDSKANDIDATAR BYGLAND SOKN:

| | | | |
|--------------------------------|-------|------------------|-----------------|
| 1. KNUT GAKKESTAD | 60 år | ÅRAKSBO, BYGLAND | Skogsarbeidar |
| 2. GERD TORHILD HELLE AAKHUS | 56 år | BYGLAND | Sjukepleiar |
| 3. OLAV ARNFINN ARNEBERG | 54 år | BYGLAND | Lærer |
| 4. INGEBJØRG HAUGSTAD LIDTVEIT | 54 år | ÅRAKSBO, BYGLAND | Rekneskapsfører |
| 5. ASTRID CARLSEN | 37 år | BYGLAND | Husmor |
| 6. OLAV STRAUME | 55 år | BYGLAND | Snekker |
| 7. SIV TØRRESEN | 47 år | BYGLAND | Assistent |
| 8. ÅNUND ELDHUSET | 62 år | ÅRAKSBO, BYGLAND | Bonde |
| 9. GUNNVEIG ERIKSRUD VIKI | 52 år | ÅRAKSBO, BYGLAND | Sjukepleiar |
| 10. TORHILD SANDNES | 53 år | BYGLAND | Sjukepleiar |

11. INGE OLAV FJALESTAD 49 år LIDI, BYGLAND Skogbrukssjef

SOKNERÅDSKANDIDATAR ÅRDAL SOKN:

| | | | |
|----------------------------------|-------|-------------------------|-------------------|
| 1. GUNNAR GAUTLAND | 56 år | HOVSTADVEGEN 85, GRENDI | Sjølvt.næringsdr. |
| 2. SILJE LIEN | 22 år | BYGLANDSFJORD | Student |
| 3. SIGRID NERSTEN LUNDEN | 66 år | LONGERAK, BYGLAND | Fruktdyrkar |
| 4. SIGURD HAUGSGJERD | 64 år | GRENDI | Redaktør |
| 5. TORA VEGUSDAL | 65 år | BAKKANE 23, GRENDI | Pensjonist |
| 6. SIGBJØRN KNUT HORVERAK | 79 år | HORVERAK, BYGLANDSFJORD | Pensjonist |
| 7. SOLVEIG ANITA LANDELIUS-NESET | 65 år | BYGLANDSFJORD | Sjølvt.næringsdr. |
| 8. AUD ODDVEIG ALMEDAL | 63 år | GRENDI | Sjølvt.næringsdr. |
| 9. STIAN ØINA VESTØL | 24 år | HOVSTADVEGEN 186 GRENDI | Sjåfør |

NOMINASJONSKOMITEENS KANDIDATLISTE TIL BISPEDØMRÅDET/KYRKJEMØTET:

| | | | |
|-----------------------------|------|-----------------|-----------|
| 1 Jan Olav Olsen | 1950 | Pensjonist | Gjerstad |
| 2 Rønnaug Torvik | 1956 | Rektor | Bykle |
| 3 Stian Berg | 1989 | Student | Gulset |
| 4 Sissel Annette Marthinsen | 1971 | Lektor | Farsund |
| 5 Øivind Benestad | 1954 | Inf. kons. | Vågsbygd |
| 6 Eva Marie Tokheim | 1952 | Pensjonist | Langesund |
| 7 Thore Westermoen | 1949 | Fylkesvaraordf. | Mandal |
| 8 Reidun Nesvik Birkeland | 1954 | Lærer | Birkenes |
| 9 Vegard Heldal | 1995 | Student | Fjære |
| 10 Jan Inge Tungesvik | 1955 | Regiondirektør | Fjære |
| 11 Anna Kile | 1988 | Advokatass. | Oddernes |
| 12 Kristian Espeland | 1956 | Næringsdrivende | Seljord |
| 13 Brynhild Berg | 1947 | Pensjonist | Sirdal |
| 14 Inger Nilsen Holen | 1962 | Koordinator | Oddernes |

ÅPEN FOLKEKIRKES KANDIDATLISTE TIL BISPEDØMERÅDET/KYRKJEMØTET:

| | | | |
|------------------------------|------|--------------------|---------------|
| 1 Kjetil Drangsholt | 1949 | Sentrum, Kr-sand | Domkirken |
| 2 Bergit Haugland | 1964 | Kragerø | Kragerø |
| 3 Kai Steffen Østensen | 1994 | Flekkerøy, Kr-sand | Vanse/Farsund |
| 4 Nils Martinius Justvik | 1957 | Lillesand | Lillesand |
| 5 Karen Helen Bøhn Melhus | 1995 | Tveit, Kr-sand | Tveit |
| 6 Anne-Marie Wiland Lægdene | 1938 | Lund, Kr-sand | Lund |
| 7 Per Gunnar Disch | 1963 | Porsgrunn | Porsgrunn |
| 8 Naja Amanda Lynge Møretrø | 1996 | Vågsbygd, Kr-sand | Vågsbygd |
| 9 Preben Grøtteland Jakobsen | 1986 | Kvinesdal | Kvinesdal |
| 10 Gro Wernø | 1952 | Skien | Skien |
| 11 Nils Ofstad | 1949 | Skien | Skien |
| 12 Vegard Bø Bahus | 1971 | Oddernes, Kr-sand | Oddernes |
| 13 Solveig Nordkvist | 1943 | Nodeland | Greipstad |
| 14 Solveig Botnen Eide | 1956 | Lillesand | Lillesand |
| 15 Tor Aurebekk | 1950 | Sentrum, Kr-sand | Domkirken |
| 16 Emil Otto Syvertsen | 1948 | Sentrum, Kr-sand | Domkirken |

Bygland Bibel og Naturcamp 2015 - frå Løvebakken til Aage Samuelson

Tekst og foto: Olav Nilsen

Bibel- og naturcamp'en på KVS Bygland gjeng i år av stabelen frå søndag 28.juni til søndag 5.juli.

Hovudtalar på kveldsmøta vert tidlegare Stortingsrepresentant Ingebrigt Sørfonn.

Fredag 3.juli tek han oss med på "Liv, lått og lange dagar på Løvebakken". Det er en kveld vel verdt å setja av!

Ingebrigt er ein kjend skikkelse i

Indremisjonsforbundet, der han har vore både formann og økonomileiar. Me er glade for at han har takka ja til å vera med oss denne veka på Bygland.

Tysdagskvelden står Aage Samuelson i fokus. I år er det 100 år sidan denne kjende predikanten og songaren vart fødd, og spesielt i lågkyrkjelege og frikyrkjelege samanhenger er svært mange av hans songar framleis i bruk. Jostein Janøy frå Skien har

skreve bok om Aage Samuelson og kjende han svært godt, og på fleire jubileumsarrangement har Jostein vore sjølvskreven kåsør. Tysdag 30.juni tek han med gitaren og gode musikalske vener til Bygland og deler med oss frå Aage Samuelsons liv og songar. Det vert garantert ein minnerik kveld!

To år på rad har deltakarane på camp'en teke turen med dampbåten Bjoren. I år står eit damplokomotiv for



tur. Laurdag 4.juli tek me nemlig Setesdalsbanen frå Grovane til Røyknes. Dette er den einaste smalspora veteranjernbanen som er att i Noreg. Ei stor oppleving for store og små! Sjå elles www.setesdalsbanen.no for meir informasjon.

Bibeltimane vert i år halde av Aud Karin Kjølvik Ringvoll. Det skulle borga for både grundig og engasjert forkynning etter at ein god frukost er fortært.

Regine Austegard, Anne Bø Nilsen og Pascaline Sagbakken tek seg av barnemøta og andre aktivitetar, medan Edvard Foss samstundes har bibelsamlingar med ungdomane.

”Ut på tur, aldri sur” heiter det, og det gjeld så visst i høgste grad på Bygland! Namnet på camp'en forpliktar jo på alle måtar, og då er fjellturar, fiskekonkurransar, bading, hesteriding, leirdueskyting og elgsafari sjølsagte

innslag i dagsprogrammet – anten det regnar eller sola skin. Men skulle det verta for vått har me ein stor idretts-hall til disposisjon for ulike inneaktivitetar.

I fjor sumar var det tevling på gokartbanen på Mosiund, der ihuga vaksne menn med ein gong dei hadde sett seg bak rattet fekk tilbake gutungen i seg med full styrke i svingane!

I år gjentek med tevlinga slik at dei siste no kan bli dei fyrste!

Barnefamiliar dominerer på Bygland, og det er me svært glade for. Men dei som imponerer mest er besteforeldra som år etter år tek med seg barnebarna sine. Ingen tvil om at born i alle aldre får mykje med seg, når me både morgon og kveld får høyra Guds ord i lag, og på dagtid reiser på tur og er saman på både fisketurar, på bade-stranda og på spanande utflukter!

Det sosiale og andeleg innhaldet går hand i hand på KVS Bygland, der flotte internat, store uteområde, eit heilt nytt kjøkken og matsal, flotte møterom, god plass, hyggeleg vertskap og dugande talarkrefter gir del-takarane alt dei treng for lekam og sjel. Og for dei som ikkje vil bu på internat er det god plass til camping-livets gleder!

KVS Bygland ligg i svært naturfagre omgjevnader, midtvegs i Setesdal, og med storslått utsyn mot fjell og fjord!

Vil du veta meir, gå inn på heimesida www.bibelognaturcamp.no, sjå våre Facebooksider, mail oss på kbnilsen@hotmail.com, eller ring på telefon 982 99711 for meir informasjon og påmelding!

Velkomen til Bygland Bibel-og natur-camp 2015!



På pilegrimstur med Harry Andersen

Tekst og foto: Olav Nilsen

I fjor vinter medan snøen lava ned kom Harry innom kontoret mitt.

Han hadde noko spesielt på hjarta denne dagen.

-Olav, no må me ta ein pilegrimstur, sa han.

Som sagt så gjort. Me sjekka ut to alternativ – SI-reiser med dei tradisjonelle pilegrimsturane til Santiago de Compostella, og tilboda frå El Campanario – Sjømannskyrkas senter i Sør-Spania.

Utpå våren tok Harry som vanleg turen nedover til varmare strok, og då han kom attende var han heilt i fyr og flamme.

-Bjørnar Mørenskog og El Campanario, var den glade budskapet, og straks tok eg kontakt på Fjesboka

med den nye drivaren av Gjestehuset på El Campanario.

Bjørnar har som mange veit tidlegare dreve Hovden Fjellstoge, men har no lagt snø og kulde bak seg til fordel for Solkystens strålende sol og gode varme.

Me vart einige om tid og stad, gjekk ut i Setesdølen og reklamerte for turen, og kontakta vener og kjente.

Dei siste frå Sørlandet som melde seg på var Tor og Berthe-Helene Tofte og Reidun Berg frå Kristiansand. Etter å ha teke dei med på skitur på Lauvås og derpåfølgjande lørdagsgraut på hytta vart dei så huga på ein pilegrimstur at dei melde seg på med ein gong.

Desse tre er i slutten av 70-åra, men spreke som få, og undervegs på pile-

grimsturen var det nesten uråd å stagga Berthe-Helene når ho langa ut bortetter dei endelausa slettene i Andalucia.

Me var 15 spente deltakarar frå Sørlandet som møttest på Kjevik flypass laurdag morgon, og tok SAS-maskinen sørover mot Malaga.

Der venta bussen på oss, og allereie i halvtretida var me på plass på El Campanario.

Her venta det god mat og drikke i patioen, innkvartering, ein liten midtdagskvil, bading i bassenget, soling av vinterbleike kroppar, ny middag i patioen, og for enkelte ein hugnadsam kveldstur og meir mat og drikke på den Italienske restauranten rett nede i gata.

El Campanario ligg i Calahonda, midt mellom Fuengirola og Malaga, og her er avstandane så små at ein kan gå til alt hjarta måtte ha hug til, anten det er restaurant, kafe, matbutikk eller badestrand som står på menyen.

Artikkelforfattaren er sjølv sagt prinsipiell motstandar av sundagsopne butikkar, men sida det står at sabbaten er til for menneska's skuld og ikkje omvendt, tok eg sjansen og gjekk til innkjøp av 2 kjøkkenhandkle eg kunne ha over hovudet og halsen om sola skulle stikka meg undervegs.. Eg fekk attpåtil Solbjørg Tjørhom og Sidsel Skaar til å gjera same innkjøp, medan Tor Tofte tenkte meir på ei høvande flaske han kunne ha med seg til ulike formål. Og dette midt i kyrkjetida ein sundags føremiddag!



Gilde Byglendingar inntek frukosten i patioen på El Campanario. Frå venstre Anne Berit Aakhus, Harry Andersen og Grethe Von Hafenbradl.

Solbjørg og Sidsel er egentleg frå Sunnhordland, og held framleis på heimemålet sjølv om dei for lenge sida har slege seg ned på kvar si hei av Indre Agder.

Etter ein innhaldsrik sundag på El Campanario med solid frukost, lunch og middag, bading, soling og gudstjeneste klokka 4 på ettermiddagen var tilsaman 35 deltakarar klare for avgang til Sevilla måndag morgon.

Jo lenger inn i landet ein kjem, jo grønare og frodigare vert landskapet, som elles er svært turt, både på Solkysten og på Costa Blanca-kysten lenger nord.

Etter ein god lunch og ein liten sightseeing i Sevilla vandra me på pilegrimsvegen nordover mot den vesle byen Santiponse. Me kryssa elva Guadalquivir og fortsette over grønne jorde og frodige enger medan vårblomane lyste mot oss på alle kantar.

Her hadde me vår fyrste økt med "stille vandring", og her må artikkelforfattaren straks koma med ei ny vedkjenning. Me fekk høyra at me under den stille vandringa skulle tenkja på spesielle ting i livet vårt, og kjenna på nærleiken både til Gud og skaparverket hans. Til vanlig har eg prosjekt og planar som surrar rundt i hovudet døgeret rundt, og tankene er på høg-gir frå morgon til kveld. Men medan eg vandra slik i stilla tenkte eg ikkje på noko som helst! Ei ny og framandarta oppleving som faktisk gjorde svært godt, sjølv om eg forstod at dette ikkje var heilt etter oppskrifta. Men eg gledde meg over våren og varmen, som Vår Herre akkurat denne dagen hadde planlagt for oss - med overskya ver og ein svalande vind som gjorde at me ikkje vart heilt slått ut på den tida av døgeret då vetuge Spanjolar tek siesta!

Elles hadde eg tenkt at eg kunne slanka meg litt på denne turen. Av natur har eg større "flovekt", men på midten har det lagt seg eit litt for stort lag av god mat.

Men kva møtte oss kvar gong me inn-tok matsalen? Jau, tre retters lunch, tre retters middag, god spansk raudvin og timesvis med godt selskap. Ein god latter og ein god drøs kan sjølv-sagt tæra litt på fettlageret, for ikkje å tala om nokre timars pilegrimsvandring, men kva hjelp vel det når matinntaket vert større enn sveitteuttaket?



Heile pilegrimsskaren samla i hagen på El Campanario

Foto: Bjørnar Mørenskog

Med andre ord: Skal ein leva eit ekte pilegrimsliv med krevjande oppfordringer og mykje forsaking er dei Andaluciske slettene kan hende ikkje heilt rette staden!

Frå Santiponse gjekk turen dagen etterpå til Guillena, der ein del vart innkvartert i eit ekte pilegrimshostal. Den største opplevinga denne kvelden vart den klassiske konserten i byens katedral, og som ifylgje rykta vart utsett med ein dag for at pilegrimsfylgjet frå El Campanario skulle få dette med seg!

Den lengste strekninga gjekk frå Guillena til den vesle byen Castiblanco de los Arroyos. Sjølv om denne turen var på 2 mil var me framme til nok ein tre retters lunch heilt etter tidsplanen, og innkvartert på eit hotell som var så fint at balkongen mest likna på en tru kopi av den me ser på kongens slott! Etter ei fin kveldssamling i den lokale kyrkja vart det ny middag og påfyllgjande mottaking av pilegrimar på hotellbalkongen – i den mjuke kveldsvarmen med temperaturar opp mot 25 varme gode grader.

Neste dag gjekk me siste etappe mot Almaden de Plata, lunch i Santiponce og buss attende til El Campanario.

Her fekk me ein fridag på fredagen, og det gjorde godt for såre føter. Nokre drog på tur til Marbella, medan andre berre kosa seg og slappa av ved bassengkanten.

Fredagskvelden tok Harry nokre av

oss med på ein strandrestaurant litt sør for Calahonda, og der vart med sitjande i den raudglødande solnedgangen som lyste opp Middelhavets varme bølger i eit glitrande fargespel.

Laurdagen var det tid for ny pilegrimsvandring, denne gongen med utgangspunkt i fjellbyen Mijas som som klorer seg fast i dei bratte fjellsidene ovanfor Fuengirola.

Sundagen var det tid for ein god frukost, ein endå betre lunch, og ei flott pilegrimsgudstjeneste på El Campanario.

Måndagen var det tid for oppbrot, og løfter om snarleg gjensyn.

På heimebane har CD'en til Vera Henriksen tona dag etter dag i bilen vår. Ho er busett i nærleiken av Marbella, og trufast deltakar og songar på El Campanario.

Og kva kan vel vera meir sant for ein Kristi pilegrim enn når Vera i den fyrste songen på CD'en sin stemmer i med si varme djupe røyst:

"Hvor finner vel hjertet sin saligste ro?"

Hos Jesus - bare hos Jesus!

Hvor finnes urokkelig grunn for min tro?

Hos Jesus - bare hos Jesus".

Har ein møtt Han har ein nådd pilegrimsmålet!



VELKOMENTIL GUDS HUS, KYRKJA DI!

Sundag 7. juni.
Årdal kyrkje kl. 11.00.
Gudsteneste med konfirmasjon.
Lindy Eidem
Takkoffer: Trusopplæringa.

Sundag 21. juni
Sandnes kyrkje kl. 17.00.
Gudsteneste med nattverd.
Kristina Grundetjern

Takkoffer: Israelsmisjonen.

Sundag 28. juni
Tveitå kl. 12.00
Friluftsgudsteneste.
Gunnar Ellingsen

Sundag 5. juli
KVS Bygland kl. 11.00.
Familiegudsteneste.
Aud Karin Kjølvik.
Felles middag etter gudstenesta.
Takkoffer: KVS Bygland

Sundag 12. juli
Skore kl. 12.00.
Støylsgudsteneste. Birte Løvåsen
Onsdag 29. juli – Olsok



Helga Arntzen på Landeskogen Fredssenter takkar biskopen hjarteleg for besøket.

Sandnes kapell kl. 18.00.
Olsokgudsteneste for alle kyrkjelydane. Rune Stormark
Takkoffer: Misjonsprosjektet til kyrkjelydane.
Medbrakt kaffi/grillmat på neset nedanfor kapellet.

Sundag 2. august
Årdal kyrkje kl. 19.00.
Gudsteneste. Rune Stormark
Takkoffer: Prostidiakoni

Sundag 23. august
Austad kyrkje kl. 17.00.
Folkemusikkmesse. Rune Stormark
Offer: Misjonsprosjektet.

Sundag 30. august
Bygland kyrkje kl. 11.00.
Gudsteneste. Rune Stormark
Takkoffer: Prostidiakoni. Kyrjekaffi ved diakoniutvalet.

Sundag 13. september.
Sandnes kapell kl. 11.00.
Gudsteneste i samband med Normisjon sin dag i kyrkjelyden. Rune Stormark. Takkoffer: Normisjon, Agder.

Sundag 20. september
Årdal kyrkje kl. 16.00.
Familiegudsteneste. Rune Stormark. Utdeling av bok til 4 og 6 åringar. Takkoffer: Trusopplæringa. Kyrjekaffi.

Sundag 27. september.
Austad kyrkje kl. 11.00
Familiegudsteneste. Rune Stormark. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer: Prostidiakoni.
Bygland kyrkje kl. 16.00. Familiegudsteneste. Konfirmantpresentasjon. Rune Stormark.
Takkoffer: Vonheim.
Kyrjekaffi.

Sandnes kapell

Sandnes kapell vart bygd i 1940 av bygdefolket på Frøysnes og Sandnes på den gamle kyrkjegarden. Den gamle kyrkja vart flytt til Åraksbø i 1935. sjåomtale om dette i "Bygland gard og ætt, bind 6.

Den gamle striden er no historie og me samarbeider godt i Sandnes sokn.

Det er folk frå Frøysnes, Sandnes og ein del utflytte også frå Åraksbø som nyttar den gamle kyrkjegarden og det er nok desse som føler mest ansvar for å ta vare på kapellet og kyrkjegarden. Ved dugnad på kyrkjegarden og anna kjem fleire frå Åraksbø og er med, forfedrane deira ligg her.

Dei seinare åra er mykje vedlikehaldsarbeid utført på dugnad, eg nemner ny takstein, vask og måling utvendig og i fjord fekk me utvide parkeringsplassen.

I år er Kapellet 75 år og som jubileomsgåve vil me bygge toalett.

Dette har vore eit sagn i alle år, folk har måtte nytta stranda eller tilreisande har kome inn i dei neraste husa.

Toalettet skal byggast så romsamt at det kan nyttast med rullestol og me skal ha det ferdig til Olsokmessa 29 juli.

Alt arbeid me kan vert utført på dugnad, men me søker kommunen og mogeleg andre om tilskot til materialkjøp og spesialarbeid.

Me takkar på forhand alle som vil hjelpe til på dugnaden, berre ring oss.

Til slutt ynskjer me alle velkomne til Olsokmessa 29 juli, med hyggekveld og grilling på kyrkjeodden ned om kapellet etter messa

For dugnads gjengen på Frøysnes/Sandnes
Torbjørn O. Frøysnes tlf. 911 77077
Knut P. Sandnes tlf. 950 86124

KONTORTID TELEFONLISTE

Kyrkjelydane i Bygland

Bygland kyrkjekontor, kommunehuset
4745 Bygland **37 93 47 00**
Telefaks **37 93 47 01**

Sokneprest Eiliv Lønningen er for tida sjukmeldt. Prost Gunnar Ellingsen har i denne perioden ansvaret for prestetenesta i Bygland. Han kan nåast på telefon 45 80 23 49 eller mail: gunnar.ellingsen@kirkebakken.no Rune Stormark vil gå inn som fast prestevikar frå og med Olsok. Me kjem attende med nærare presentasjon av han i neste nummer av Kyrkjebladet.

Kyrkjeverja har kontortid til følgjande tider:

Tysdag kl. 09.00–15.00
Torsdag kl. 09.00–15.00
E-post: kbnilsen@hotmail.com

Kyrkjeleg fellesråd og sokneråd

Bygland kyrkjelege fellesråd og Bygland sokneråd, leiar:
Knut GakkestadTlf.: 37 93 58 46
Mobil: 948 80 383
E-post: knutgakkestad@yahoo.no

Årdal sokneråd, leiar:
Gunnar Gautland 908 25 928
E-post: ggautland@bygland.no

Tilsette

Kyrkjeverje
Olav Nilsen 982 99 711

Klokkar og kyrkjetenar, Sandnes
Knut Gakkestad 37 93 58 46

Kyrkjetenar og klokkar, Årdal
Olav Sordal 37 93 42 81

Kyrkjetenar og klokkar, Bygland
Harry Andersen 996 24 019
E-post: harry@mvh.no
Svein Kleivane 977 74 321

Kyrkjetenar, Austad
Tore Moseid 37 93 43 54

Reinhaldarar

Tora Vegusdal
(ansv. Årdal) 37 93 41 34
Maria Bue (Bygland) 37 93 53 70
Thora Bakke Nordgarden
(Sandnes) 994 54 393

B - BLAD

Returadresse: Setesdalstrykk a.s
Kinovegen 16, 4735 Evje

DISTRIBUERT AV POSTEN
posten
NORGE P.P. PORTO BETALT



På pilegrimsveg i Andalusia.

Foto: Olav Nilsen